Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Rauland

Emne: Brynse — Bygdelag: Hovudsoknet

Oppskr. av: Aasm. Gøytil — Gard: Berge

(adresse): Rauland — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 „Brónesteina" (-stein) 'a vanlege navne, standom sei dei „Bróne" (eit), men de 'a helst små-bróne te å bróne nivar (knivar) å småtingma. „Niv=bróne" sei dei. „Ulein" ble alli bruka.

2 No 'a de mest „Kunststein" som ble bruka, men fårre va de „Eisbor=bróne". Av desse va de fleire slag: „Jarandsbróne" fann dei i Jarandsdalen i Eisbor, „Storeufsingar" fann dei i Storeufs, „Lusegrotsteinar" va noko lause i „moen" a „sjøn", - med små, grå hell svarte prikkar, som dei kadda „lysari".
So va de dei „blåranda", med mörkt blå rendar langsette, hell tverteive. Dei va fene i moen å va dei beste ljåsteinane. Best va dei når dei blå rendane gekk „langsette."
Adde desse steinane kaupte dei frå Eisbor-(Eidsborg i Lårdal)
„Blasteinen" (hard stein) skjipa Eisberingane ut, mange tonn te kvårt år.
I Rauland fanst ikkji brónesteinsgrot, so dei måtte kaupe brónestein av Eisberingane, som måtte upp med steinsekkjene sine på Dannyre-marken å selde. Tii for amsjivti, Kunststein o

793

Eisbarbryne - er dei siste 30-40 år, men so nyleg som i 1946 var det Eisbar-bryne å få kjöpt på handelsstaene her i bygdi

## 3

__Alle__ reidskap, öksar, knivar, hövelternar, ljå, sigdar blei __fyrst__ slipa på __slipesteinen__ x) - sidan pussa med brynesteinen

Barberknivar er i det siste umbytt med barberblad - barberhövel

[x) slipestein = Rundstein]

## 4

Ingen nolevande minnest at dei „bjørke" ljåne, men ein höyrer ofte at folk talar um det. I ord som er i bruk __no forbide__ finn ein minne um dette: Å __tynne__ ljå.
Ein seier t. d.: „Ljåen men de ü-tönd."
„Øksi de ü-tönd". „Nisen de ütönd". o. s. b.
altso: „ütönd" = „slöi."
Ein tynnsle-ljå hadde ikkje „meislerönd" ved „bakken", men tynntest av frå „Bakken" til „eggi":
Dei bruka ein egen hamar til å „tönne" ljåen med. Men eg hev ikkje höyrt at dei hadde serskild „ste" eller ambolt til å „tönne" på ①
Ljåne „kalltönde" dei, dermed blei ljåen „herren" (spenstig) so den ikkje böygde seg i tjukk-eng. Truleg vart sigd og skjyre „tönt" på same måten.
Kva tid „__sliping__" kom istaden for __tynning__ veit eg ikkje, for det er so lenge sidan.
Som alt nytt kom vel ikkje slipesteinen i bruk på same tid på dei ymse stader.
Lenge etter slipesteinen var komen i bruk i sume bygder, heldt dei på med tynning i andre. Til ei fjellbygd som Rauland

793

① Men eg hev höyrt tala um „Meisleste"; so det kann hende det var eit serskilt ste dei brukte.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2^{dre} blad

kom truleg slipesteinen seinare enn til bygda lenger nede. Men det er lite gamle folk i bygdi veit um bryneléng, so ein kann slå fast at det er mykje lang tid sidan å „tómme“ var i bruk. Lengst heldt dei vel på med å „tómme“ ljå.“ for det er helst det folk veit litt um.

[6] Det var truleg „sjadlen“ på garden som „tómde“ ljåane – umlag 1 gang i vika.
Ein vanleg god slåttekar bruka ca 2 ljå til dagen – ein fyre- og ein ettermiddag – ein dårleg slåttekar måtte slipe 4–5 gonger um dagen.
Nei! dei sparde ikkje på slipesteinen.

7. Sume bråka ymse bryne, eit grovt for steinhogg, eit fint til pussing. Strykestikke var vanleg for ca 20–30 år sidan, men vart lite brukande. Denne var laga av laus gamal ved – helst lauvved.

8 I Rauland høyrar dei ljåen or orvet når dei slipar. Dei slipar med eggi mot seg.

9 Stuttorven held dei millom (fótne) beini. Langorven sting dei ned i jordi – på høgre sida av seg – odden vend til høgre.
x) Set heimi i kross.

10 Skåppen er laga av tre – anten bjørk eller helst furé. Den er utholta av ein passeleg stór kubbe. Den er halvfyllt med vatn (brunsvatn) og dei hengjer den upp etter ein dertil smia jarnkrok på høgre sida av buksebakken eller slåttereimi dei gjeng med rundt livet.



Skåppen var gjerne veita med nævar, so dei ikkje skulde sprekke.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



793

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3dje blad

Spm. 4.

11 Ukjendt. — Men no er det mange som ikkje brukar skåppe, men ber bryne i lomma

12 Sjå spm. 10.

13 Som sagt i spm. 10 – vætes dei brynet i vatn — ikkje i olje, anten det er natur — eller kunststein. Olje, sand eller tjöre på trebrynet vart ikke og ikkje bruka

14. Mjölet som kjem av brynningi vert kalla „grut" eller „sadd". Brynsle-„grut", br.-„sadd" Av slipesteinen vert det „Slipestein-„grut"

15 Ukjennt.

16 Ukj.

17 Eg hev höyrt nemt at brynet skal verta blautare av å liggja i jordi eller maurtuva — men eg trur ikkje på det. Eit par gamle brynesteinar vart funne djupt i jordi ved å bryta upp eit gamalt steinmurgjerde. Dei var slitne på ein eigen måte, so ein kunde tru dei var bruka på brynsle-ljå. Men dei var harde — ikkje blaute.

18 Ukjennt.

19 Ukj.

20 Eg hev höyrt um noko dei kalla brynsle-visa. Kvar slåttekar hadde sin eigen måte å draga brynesteinen på, kvar hadde sin takt og rytme:
„So låte de når du bryner", sa den eine slåttekaren til den andre:
„Sideridide di di di di, Sideri di-di di di di – oft-om-pamp." (Der var musikk til ordi)

793
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING